



# Rutine for dokumentasjon av sjukefråvær

Felles rutine for legekontora i Tokke, Fyresdal, Vinje, Kviteseid og Seljord.

- Eleven ber fastlegen om attest når det er fare for 10% fråvær i eit fag.
- Eleven kontaktar fastlegekontoret sitt same dag, ikkje på etterskot, med stikkord om kva det gjeld.
- Eleven vil bli kontakta og handsama etter rutine på legekontoret til trengande helsehjelp eller berre attest.
- Fastlegen vurderer vilkåra og skriv ev under på attestert fråvær frå og til. Avgjerdsgrunnlaget for attesten er personsensitivt og blir i pasientjournalen.

Fastlegane minnar om: Det er opna for å kunne gå på skulen med øvre luftvegssymptom.

## Rutina har bakgrunn i følgjande regelverk:

### Forskrift til opplæringslova §3-9:

«I vidaregåande skole skal ein elev ikkje få standpunktkarakter eller halvårsvurdering med karakter ved fråvær over fråværs grensa i faget. Fråværs grensa er på 10 prosent av årstimetalet i faget.

Fråvær som det er dokumentert at kjem av grunnane nemnde i § 3-45 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd, skal ikkje inngå i fråværs grensa.»

Ein av grunnane i § 3-45 er «Helse- og velferdgrunnar», og Utdanningsdirektoratet har lagt til grunn at dokumentasjon berre kan utferdast av kvalifisert personell:

## Utdrag frå Utdanningsdirektoratet sitt presiseringskriv (nett):

### «Hva kan være dokumentert fravær?

Eleven må legge fram relevant dokumentasjon for å få fravær strøket fra vitnemålet eller unntatt fra fraværsgrensen. Disse typene fravær kan være dokumentert fravær:

### Sykdom

Sykdom regnes som dokumentert fravær. Dette gjelder både fysisk eller psykiske helsegrunner, kronisk sykdom eller funksjonshemming. Fraværet kan bli unntatt fra fraværsgrensen fra første time, men kan ikke strykes fra vitnemålet før etter tredje dag. Fravær på grunn av kronisk sykdom eller funksjonshemming kan strykes fra første dag.

Gyldig dokumentasjon er legeerklæring eller dokumentasjon fra annen sakkyndig, som for eksempel helsesykepleier, fysioterapeut, tannlege eller psykolog (herunder BUP). Det er ikke nok med kun egenmelding fra foreldre eller myndige elever.» [Utdanningsdirektoratet](#)

Kommuneoverlege i Tokke: Lars Håvard Eriksen  
Kommuneoverlege i Vinje: Marius Opsahl  
Kommuneoverlege i Kviteseid/Seljord: Kine Jordbakke  
Kommuneoverlege i Fyresdal: Karin Kristin Østerhus  
Rektor Vest-Telemark vidaregåande skule: Siv Reidun Eide